



Arkivsaknr: 2024/9292-5
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - Feste Nærkjøp AS

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Feste Nærkjøp, org.nr. 937740441 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar – Feste Nærkjøp, Festevegen 460, 5912 Seim
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Hans Jakob Valle f. 02.03.61
Avløysar for løyvet: Andreas Valle f. 30.03.90
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

Feste Nærkjøp AS , or.nr 937740441 - har i søknad datert 21.08.24 søkt om fornying av salsløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i lokalene til Feste Nærkjøp, Festevegen 460, 5912 Seim. Hans Jacob Valle er styrar for salsløyvet og Andreas Valle er avløysar. Opningstida er frå kl. 10.00 til kl. 17.00 måndag- torsdag. Fredag frå kl. 10.00- 19.00. Laurdag frå kl 10.00 – 19.00 og søndag frå kl 12.00 – 18.00

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltretr (Alkoholova §1- 6). Feste nærkjøp søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløysar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1- 7 c.

Alkoholova §1- 7b (krav til vandel) og alkoholova §1-7 a (kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad), samt kommunen sin alkoholpolitiske plan (2024-2028), Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel (2022-2034) er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding
Søknaden vert tilrådd innvilga.